



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/1380 - 19/12857

Saksbehandlar:  
Silje Haukedal  
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:  
11.09.2019

## Byggesak Gbnr 24/13 Bø - reiskapslager - tilbakemelding

Kommunen visar til Statens vegvesen sitt brev datert 27.05.2019.

Det er brevet bedt om ei vurdering av om tiltaket er i tråd med LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel. Saka har vore sendt til landbrukskontoret for vurdering av tiltaket er i tråd med føremålet. Bygningsstyresmakta visar til uttale frå felles landbrukskontor datert 29.08.2019 Det kjem fram av uttalen at tiltaket er i tråd med arealføremålet og dermed ikkje har trong for dispensasjon.

Statens vegvesen ber vidare om formell status på den private vegen. Kommunen har undersøkt i arkivet og har ikkje anna dokumentasjon på vegen enn at dette er ein privat intern tilkomstveg til idrettsanlegget og den aktuelle eigedomen.

Det er vidare stilt spørsmål om det er den regulerte avkjørsla som er nytta. Dette stemmer, den gamle avkjørsla er fysisk stengt, og dermed ikkje lenger i bruk. Sjå flyfoto under som dokumentasjon.



Statens vegvesen ber kommunen vidare vurdere om det er snakk om utvida bruk av avkjørsle. Det kjem fram av søknaden at det søkast om reiskapsbygg for å få eksisterande reiskap og tømmer som i dag ligg ute inn. Bygningsstyresmakta vurderer at det ikkje er snakk om utviding av tømmerdrifta. Det merkast at tiltakshavar driv med tømmer frå eiga grunn og at det er snakk om opprydding av eksisterande tilhøve. Bygningsstyresmakta er av den oppfatning at det ikkje er trong for løyve til utvida bruk av avkjørsel.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1380.

Med helsing

Silje Haukedal  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Landbrukssak Gbnr 2413 Bø - reiskapslager - uttale landbruk

**Mottakarar:**

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

Leikanger